

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026-28

Vedteken av kommunestyret 18. mars 2026



Innhald

| | |
|--|----|
| Innleing..... | 4 |
| Nasjonale førande dokument | 4 |
| Rusmiddelsituasjonen i Norge..... | 6 |
| Alkohol..... | 6 |
| Alkoholforbruk per innbyggjar | 6 |
| Oversikt over Alkohol i Norge: Eit folkehelseperspektiv på alkohol - FHI..... | 6 |
| Alkoholbruk i den vaksne befolkninga - FHI | 6 |
| Narkotika | 7 |
| Skadar og problem knytte til narkotikabruk - FHI..... | 7 |
| Narkotikabruk i Norge - FHI | 7 |
| Rusmiddelsituasjonen i Time | 8 |
| Alkoholsal og -skjenking..... | 8 |
| Alkoholomsetning i Time | 8 |
| Tal på skjenkestader og utsalsstader (ekskl. Vinmonopolet) i Time..... | 9 |
| Sals- og skjenketider..... | 9 |
| Rusmiddelbruk hjå ungdommar (kjelde: Ungdata)..... | 9 |
| Utvikling av ungdomskriminalitet siste 5 år..... | 11 |
| Rusmiddel og svangerskap | 11 |
| Samla vurdering av rusmiddelsituasjonen i Time..... | 11 |
| Fokusområde 1: Universelle førebyggande innsatsar | 13 |
| Folkehelse og alkoholpolitikk..... | 13 |
| Anbefalte alkoholpolitiske tiltak | 13 |
| Sals- og skjenketider..... | 13 |
| Samarbeid med utestadene..... | 13 |
| Tiltak i Time kommune | 14 |
| Rusførebyggande tiltak for barn og unge | 14 |
| Grunntenestene som arena for rusførebygging | 14 |
| Heimen som arena for rusførebygging | 14 |
| Fritidstilbod som arena for rusførebygging | 14 |
| Tiltak i Time kommune | 15 |
| Rusførebyggande tiltak for vaksne..... | 15 |
| Tiltak i Time kommune | 16 |
| Fokusområde 2: Tidleg identifisering og innsats overfor barn og unge i risiko..... | 17 |
| Ufødde barn som vert eller står i fare for å verta eksponerte for rusmiddel..... | 17 |
| Tiltak i Time kommune | 17 |
| Barn og unge som lever i familiar med rusproblematikk..... | 17 |
| Tiltak i Time kommune | 17 |

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026-28

| | |
|---|----|
| Ungdom og unge voksne som er i fare for eller i ferd med å utvikla rusrelaterte vanskar . | 18 |
| Tiltak i Time kommune | 18 |

INNLEIING

Skadeleg og risikofull rusmiddelbruk og rusmiddellidingar har store konsekvensar for den enkelte, pårørande og samfunnet. Bruk av alkohol og ulovlege rusmiddel er blant dei viktigaste risikofaktorane for å døy før fylte 70 år i Norge, og resultat frå det globale sjukdomsbyrdeprosjektet viser at rusbrukslidingar bidreg betydeleg til helsetap (sjukdom) og tapte leveår både globalt og i den norske befolkninga. Rusmiddelrelaterte helseskadar er sosialt skeivfordelte, og grupper med lågare utdanning og/eller dårlegere økonomi er meir utsette enn andre.

I Helsedirektoratet sitt rundskriv til alkoholloven beskriv dei kommunal alkoholpolitisk og rusmiddelpolitisk handlingsplan:

«Kommunen har etter §1-7d en plikt til å utarbeide en alkoholpolitisk handlingsplan. Loven gir ingen direkte anvisninger om kva planen skal inneholde, men den bør angi de alkoholpolitiske hovedmålene og de delmål kommunen legger til grunn for sin alkoholpolitikk, samt de virkemidlene som vil tas i bruk for å nå disse målene. For eksempel kan virkemidler som tak på antall skjenkesteder, åpningstider og kontrolltiltak nedfelles i planen. Planen bør konkretisere hvilke tiltak kommunen vil satse på for å nå den landsomfattende målsetningen om å redusere alkoholforbruket.

Planen bør behandles i hver kommunestyreperiode. [...]

Det anbefales at kommunens alkoholpolitiske handlingsplan utarbeides som del av en helhetlig rusmiddelpolitisk handlingsplan.»

Rusmiddelpolitisk handlingsplan i Time skal gi innspel til mål og tiltak for rusmiddelpolitikken i kommunen. Planen består av ein kunnskapsdel og ein tiltaksdel. Kunnskapsdelen beskriv rusmiddelsituasjonen i Time og nasjonalt. Planen skal bidra til at dei tiltaka som vert føreslegne, tek utgangspunkt i behov i Time. Tiltaksdelen har to fokusområde:

- Universelle førebyggande innsatsar
- Tidleg identifisering og innsats overfor barn og unge i risiko

Planen har hovudfokus på førebygging og tiltak for dei yngste og omfattar ikkje tiltak mot vaksne med etablert rusliding.

Overordna mål for rusmiddelpolitikken i Time er å førebygga og redusera dei negative konsekvensane ved bruk av alkohol og andre rusmiddel for enkeltmenneske og for omgivnadene.

Nasjonale førande dokument

- [Alkoholloven med kommentarer - Helsedirektoratet](#)
- [Nasjonal alkoholstrategi \(2021–2025\). En helsefremmende og solidarisk alkoholpolitikk.](#)
- [Meld. St. 5 \(2024–2025\): Trygghet, fellesskap og verdighet — Forebyggings- og behandlingsreformen for rusfeltet Del I – en ny politikk for forebygging, skadereduksjon og behandling](#)

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026-28

- FN sitt berekraftsmål [3. God helse - regjeringen.no](#): Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder



- delmål 3.4: *Innan 2030 redusere prematur døyning av ikkje-smittsame sjukdommar med ein tredel gjennom førebygging og behandling, og fremje mental helse og livskvalitet*



- delmål 3.5: *Styrkje førebygging og behandling av rusmiddelmissbruk, mellom anna misbruk av narkotiske stoff og skadeleg bruk av alkohol*



- Nasjonal og global NCD-strategi: [Mål og indikatorer for ikke-smittsomme sykdommer \(NCD\) - oversikt - FHI](#) - mål 2: *Minst 20 prosent reduksjon av skadelig alkoholforbruk i perioden 2010-2030*

3 indikatorar:

- Alkoholforbruk per innbyggjar
- Høgt alkoholinntak
- Alkoholavhengigheit

RUSMIDDELSITUASJONEN I NORGE

Alkohol


Alkoholforbruk per innbyggjar

Den registrerte alkoholomsetninga i Norge auka kraftig frå starten av 90-tallet til 2008, frå 4,6 liter rein alkohol per innbyggjar, 15 år og eldre, i 1993 til 6,8 liter i 2008, ein auke på 48 % på 15 år. Dette kjem hovudsakleg av ein auke i salet av vin. Etter 2008 fall den registrerte omsetninga til rundt 6 liter i åra fram til koronapandemien. 2021 hadde den høgaste målinga nokosinne på 7,44 l, mens omsetninga fall til 6,64 l i 2022.

I tillegg til den registrerte alkoholomsetninga kjem taxfree- og grensehandel, som i 2018 vart anslått til 0,77 liter rein alkohol per innbyggjar, 15 år og eldre. Etter dette har anslaga over taxfree- og grensehandel vore svingande og usikre pga. reiserestriksjonar under pandemien.

Oversikt over Alkohol i Norge: Eit folkehelseperspektiv på alkohol - FHI

- Alkoholbruk er ein av dei viktigaste risikofaktorane for tap av friske leveår i befolkninga og er i tillegg årsak til sosiale problem og skadar for andre enn brukaren sjølv.
- Alkohol er årsak til betydeleg meir helsemessige og sosiale problem i samfunnet enn narkotika. Det er ingen skarpe skilje mellom bruk og skadeleg bruk.
- Både eit høgt alkoholinntak per gong og eit høgt alkoholinntak over tid aukar risiko for ei lang rekke helseproblem og sosiale problem, også for andre enn brukaren sjølv.
- Totalkonsumet av alkohol i befolkninga heng nært saman med andelen som har eit risikofyllt høgt konsum, og med omfanget av alkoholrelaterte problem, jf. figuren nedanfor.
- Dei mest effektive tiltaka for å avgrensa alkoholkonsumet og skadeomfanget er høge alkoholprisar og avgrensa tilgjengelegheit, jf. figuren nedanfor.



Forenkla modell over sammenhengen mellom tilgjengelighet, forbruk, helsemessige og sosiale konsekvenser av alkoholbruk. (kjelde: [Alkohol, narkotika og folkehelse - FHI](#))

Alkoholbruk i den vaksne befolkninga - FHI

- Åtte av ti har drukke alkohol siste år, og halvparten har drukke 6 eller fleire alkoholeiningar ved same høve. Desse måla har vore stabile i perioden 2012-2023.
- Sjølvrapportert alkoholbruk gjekk noko ned under pandemien, men er nå på same nivå som i 2019.
- Menn drikk meir, oftare og meir risikofyllt enn kvinner.
- Eldre drikk oftare enn yngre, men dei har eit mindre risikofyllt drikkemønster.
- Høgt utdanningsnivå og høg inntekt er forbunde med høgare drikkfrekvens, men lågare omfang av risikofyllt drikking.
- Tre av fire drikk berre i helgene.

Narkotika

Skadar og problem knytte til narkotikabruk - FHI

- Hyppig og langvarig narkotikabruk medfører risiko for både akutte og kroniske helseskadar og problem.
- Den mest alvorlege konsekvensen er tidleg død. I gjennomsnitt har 265 personar døydd årleg i Norge dei siste ti åra som ein direkte konsekvens av bruk av narkotiske stoff. I Norge har overdosar vore den nest viktigaste årsaka til død for menn under 50 år.
- Narkotikabruk er også forbunde med sosiale skadar, for eksempel marginalisering og konsekvensar av kriminalitet.

Narkotikabruk i Norge - FHI

- Cannabis er det mest brukte illegale rusmiddelet i Norge. I 2024 oppgav 30 % å ha prøvt cannabis i løpet av livet, mens nesten 7 % oppgav å ha brukt cannabis i løpet av dei siste 12 månadene. Dette er ein auke på om lag 2 prosentpoeng samanlikna med åra 2013-2023.
- Nyleg cannabisbruk – siste år eller siste månad – er mest utbreidd i dei yngste aldersgruppene.
- Cannabisbruken blant unge vaksne var lenge relativt stabil, men har auka noko i perioden 2022-2024 samanlikna med 2013-2021. Aukinga er driven av personar i aldersgruppa 21-25 år.
- Menn bruker cannabis i større grad enn kvinner, og kjønnsforskjellen er blitt større i 2024.
- Dei sentralstimulerande stoffa kokain, ecstasy/MDMA og amfetamin er dei mest brukte illegale rusmidla etter cannabis. Også desse stoffa er mest utbreidde blant menn og i de yngste aldersgruppene.
- Bruken av kokain blant unge vaksne har auka med ca. 2 prosentpoeng i perioden 2022-2024 samanlikna med åra 2013-2021.

RUSMIDDELSITUASJONEN I TIME

Alkoholsal og -skjenking

Alkoholomsetning i Time



Figuren ovanfor viser fordelinga av den registrerte alkoholomsetninga i kommunen. Skjenkestadene sin andel har auka frå 10 til 15 % frå 2018. Den uregistrerte alkoholomsetninga består av taxfree- og grensehandel og illegal omsetning. Dette utgjør relativt lite samanlikna med den registrerte omsetninga.

I den enkelte kommunen kan den registrerte alkoholomsetninga vera eit mål på totalforbruket og ein god indikator på omfanget av skadar knytte til alkohol. Tabellen nedanfor viser at alkoholomsetninga til skjenkestadene og Vinmonopolet har auka frå 2018, og det gjer at totalforbruket per innbyggjar har auka.

| År | 2018 | 2023 | 2024 |
|-----------------------------|-------|-------|--------|
| Butikk | 38000 | 37102 | 38573 |
| Skjenkestader | 9000 | 12264 | 15040 |
| Vinmonopolet | 40000 | 47571 | 46639 |
| Sum | 87000 | 96937 | 100253 |
| Befolkning > 15 år | 14697 | 15745 | 15962 |
| Omsetning per innb. > 15 år | 5,9 | 6,2 | 6,3 |

Alkoholomsetning i liter rein alkohol. Tala er omtrentlege og berekna frå omsetningstal av vareliter. I utrekninga har ein gått ut frå at øl har 4,5 % alkohol, vin har 12 % og brennevin 40 %.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026-28

Tal på skjenkestader og utsalsstader (ekskl. Vinmonopolet) i Time

| År | 2010 | 2013 | 2016 | 2019 | 2023 | 2025 |
|----------------------|------|------|------|------|------|------|
| Tal på skjenkestader | 15 | 20 | 23 | 24 | 32 | 33 |
| Tal på utsalsstader | 9 | | | 11 | 13 | 14 |

Tabellen viser at talet på skjenke- og utsalsstader har auka dei siste åra.

Sals- og skjenketider

Ifylgje alkoholloven er normaltida for sal av øl frå butikk fram til kl. 18 på kvardagar og kl. 15 på dag før søndag/heilagdag. Kommunen kan likevel innskrenka eller utvida salstida. Time kommune har utvida salstida til det maksimale, altså til kl. 20 på kvardagar og kl. 18 på dag før søndag/heilagdag.

Normaltida for skjenking er fram til kl. 1 for øl/vin og til kl. 24 for brennevin. På same måten som for alkoholsal kan kommunane innskrenka eller utvida skjenketida, maksimalt til kl. 3. Time har utvida den generelle skjenketida til kl. 1.30, men ein kan søkja om utvida skjenketid til kl. 2:30.

Rusmiddelbruk hjå ungdommar (kjelde: Ungdata)

Tidleg alkoholdebut aukar sannsynet både for skadar eller andre negative opplevingar i ungdomstida og for eit problematisk forhold til rusmiddel seinare i livet. Alkohol er det vanlegaste rusmiddelet blant ungdom. Sjølv om me har sett ein nedgang i alkoholbruken til ungdommen sidan tusenårsskiftet, er det framleis mange unge som drikk, særleg mot slutten av tenåra. Dei fleste debuterer på vidaregåande.




Figur 3: Time kommune: prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året




Figur 4: Rogaland: prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året


Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026-28




Figur 5: Time kommune: prosentdel av elevane på vidaregåande (Bryne vgs) som har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året



Figur 6: Rogaland: prosentdel av elevane på vidaregåande som har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året



Figur 7: Time kommune: prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som har brukt hasj eller marihuana i løpet av det siste året



Figur 8: Rogaland: prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som har brukt hasj eller marihuana i løpet av det siste året


Figur 3 og 4 viser at alkoholbruken blant ungdomsskuleelevar i Time er rimeleg lik gjennomsnittet i Rogaland. Tala varierer noko frå år til år, men nivået er stabilt over tid. Figur 5 og 6 viser at alkoholbruken til elevar i vidaregåande skule i Time (Bryne vgs) er noko større enn gjennomsnittet i Rogaland, og dette mønsteret har halde seg over tid. Av figur 7 og

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026-28

8 ser ein at bruken av cannabis er langt lågare enn av alkohol. Det har vore ein svak auke det siste tiåret, men bruken ser ut til å ha stabilisert seg dei siste åra.

Utvikling av ungdomskriminalitet siste 5 år

Figuren nedanfor viser utviklinga innanfor dei aktuelle kriminalitetsområda for ungdom 13-17 år (gjerningsstad Time kommune).



Talet narkotikalovbrot er svært dalande. Samtidig viser offentlege undersøkingar ein auke i bruk av narkotika, spesielt cannabis og kokain. I 2021 kom det presiserande direktiv som sterkt reduserte politiet sin oppsøkande aktivitet for å avdekka narkotikakriminalitet.

Vald knytt til utelivet på Bryne i helgene har ofte samanheng med rus, og politiet bruker ressursar på å vera til stades som eit førebyggjande tiltak.

Rusmiddel og svangerskap

Jordmødrer på helsestasjonen har samtalar med alle gravide om alkoholvanar og rus før og i svangerskapet. Dei fleste drikk ikkje alkohol eller rusar seg i svangerskapet. Erfaringane frå jordmødrene er at kvinner sluttar å drikka alkohol når dei får ein positiv graviditetstest. Gravide viser stor aksept for at ein ikkje bør drikka alkohol i svangerskapet.

Dersom ein oppdagar nåverande eller tidlegare misbruk, har jordmødrer og fastlegar eit godt samarbeid med Meistringssenteret, og ein har utarbeidd ein god rettleiar for oppfylginga.

Samla vurdering av rusmiddelsituasjonen i Time

Alkoholomsetninga til skjenkestadene og Vinmonopolet har auka sidan 2018. Tala tyder på at totalforbruket av alkohol per innbyggjar har auka noko dei siste åra. For å avgrensa skadeverknadene av alkohol er det viktig å halda totalforbruket på eit lågt nivå.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026-28

Alkoholbruken blant ungdom er rimeleg stabil over tid. På Bryne vidaregåande er det litt fleire ungdommar som drikk alkohol, enn gjennomsnittet for vidaregåande skular i Rogaland. Bruken av cannabis er låg og har vore stabil dei siste åra.

Folkehelseundersøkingane i Rogaland i 2020 og 2023 viser ein auke for kvinner med høgt alkoholforbruk. Det er relativt små forskjellar i alkoholbruken mellom grupper med ulik sosioøkonomisk status, i motsetning til kva som gjeld for andre livsstilsrelaterte faktorar.

FOKUSOMRÅDE 1: UNIVERSELLE FØREBYGGANDE INNSATSAR

Folkehelse og alkoholpolitikk

Kommunen skal ifylgje folkehelseloven bidra til ei samfunnsutvikling som fremjer folkehelse. Forsking viser at kommunen gjennom alkoholpolitikken kan påverka forbruket og skadeverknadene av alkohol. For å redusera helseskadar som er knytte til alkoholbruk, er det viktig å arbeida for å halda det generelle alkoholforbruket i befolkninga lågt, jf. [figur](#) i kapitlet om rusmiddelsituasjonen i Norge. Dei viktigaste førebyggande verkemidla som kommunane har for å redusera alkoholforbruket, er avgrensing av talet på sals- og skjenkestader og av sals- og skjenketider. Kommunen ivaretek folkehelseperspektivet i alkoholpolitikken ved å setta i verk tiltak som rettar seg mot heile befolkninga.

Anbefalte alkoholpolitiske tiltak

Serveringsstader er viktige møteplassar og ei viktig næring som gir arbeidsplassar i kommunen. Det vert lagt vekt på å ha eit godt samarbeid mellom kommunen, politi og næringa.

Verkemiddel som kan vera effektive for å avgrensa alkoholforbruket og førebygga helsemessige og sosiale skadar i befolkninga, er:

- avgrensa tilgang til alkohol ved innskrenking av skjenketida, salstida og talet på sals- og skjenkestader
- opplæring av tilsette i utelivsbransjen kombinert med kontrollar og sanksjonar

Systematisk opplæring, kontrollar og oppfylgning av brot på skjenkereglar er viktige tiltak for å sikra god alkoholhandtering. Skjenkestader skal ikkje tilby alkohol til personar som er overstadig påverka av alkohol, eller skjenka alkohol til mindreårige. God kontroll på skjenkereglar bidreg til å redusera talet på ordensforstyrringar og valdsbruk. Det gir trygge lokalsamfunn som er viktig for folkehelsa.

Det førebyggande perspektivet knytt til folkehelseloven og omsynet til barn og unge bør visa igjen i skjenkepolitikken og verta vektlagt i vurderinga av konkrete skjenkesøknader. Dette er nærmare beskrive i kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer.

Sals- og skjenketider

Forsking har vist at når sals- og skjenketidene vert innskrenka, går forbruket og skadeomfanget ned. Det er eit effektivt tiltak å avgrensa skjenketida. Det er belegg frå forsking for at avgrensingar i skjenketid har positiv effekt på uro og valdsutøving knytt til utelivet i sentrum.

Samarbeid med utestadene

I Time kommune er det etablert eit godt samarbeid mellom aktørane gjennom forumet «Trygt uteliv Bryne». Næringa er oppteken av å skapa møteplassar som gir eit variert, godt og trygt uteliv, som ikkje nødvendigvis har fokus på alkohol i alle arrangement.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026-28

Tilbakemeldingar frå næringa, kontrollapparatet og politiet viser at situasjonen i Time kommune knytt til sals- og skjenkestader ikkje er spesielt urovekkande, og at situasjonen er stabil og oversiktleg.

Tiltak i Time kommune

1. Time kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer vert vedtekne kvart 4. år. Retningslinjene skal ta omsyn til kva betydning sal og skjenking av alkohol har for barn og unge.
Ansvar: kommunedirektør
2. Forumet «Trygt uteliv Bryne» vert drifta av kommunen i samarbeid med politiet.
Ansvar: SLT-koordinator

Rusførebyggande tiltak for barn og unge

Dei aller fleste unge i Time har god trivsel og gode levekår. Totalt sett er det få ungdommar som bruker alkohol og illegale rusmiddel regelmessig. Likevel er det nokre unge som debuterer tidleg med rusmiddel og utviklar problematisk rusbruk. I dette kapittelet vert det fokusert på allmenn og universell førebygging. Dette er strategiar eller tiltak som vender seg til alle barn og unge med sikte på å førebygga rusmiddelproblem. Førebygging skjer på tre arenaer: i grunntenestene, i heimen og på fritida.

Kommunen har to planar for det førebyggande arbeidet blant barn og unge:

- [Plan for førebyggande arbeid 2023-2026](#) beskriv korleis kommunen vil arbeida for å førebygga omsorgssvikt og åtferdsvanskar.
- [Strategiplan Oppvekst 2023-2029](#) bekriv satsingsområde om å samhandla for førebygging og tidleg innsats.

Grunntenestene som arena for rusførebygging

Barnehagane, helsestasjons- og skulehelsetenesta og skulane jobbar systematisk med å skapa eit trygt og inkluderande barnehage- og skulemiljø. Grunnleggande tryggleik og trivsel er førebyggande tiltak for alle typar problemutvikling, inkludert problematisk bruk av rusmiddel.

Læreplanen har kompetansemål som krev at skulen gir kunnskap om rusmiddel og driv rusførebyggande arbeid gjennom heile det 10-årige skuleløpet.

Heimen som arena for rusførebygging

Foreldre er nøkkelpersonar og rollemodellar for barn og unge. Ved å setta tydelege grenser er foreldra dei viktigaste førebyggerane for barn og unge i forhold til rus.

Ungdatakartlegginga viser at ungdom bruker mykje tid i heimen, og at relasjonen mellom ungdom og foreldre for dei aller fleste vert opplevd som nær.

Foreldre må ha kunnskap om og vera bevisste på at dei kan påverka rusbruk hos barna sine. Forskinga “Trygge foreldre i Time” vart avslutta i 2023, og resultata syner at foreldra ønsker at dei var betre førebudde på kva utfordringar ungdomstida inneber, og betre kjende med kva kommunen kan bidra med når dei er usikre.

Fritidstilbod som arena for rusførebygging

Fritidstilbod er rusførebyggande fordi det gir ungdom eit trygt miljø, meningsfulle aktivitetar og tilgang til trygge vaksne. I Time kommune har me eit omfattande fritidstilbod i regi i av

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026-28

private og frivillige aktører i tillegg til at me har tre kommunale fritidsklubbar for barn og unge.

Tiltak i Time kommune

1. Kommunen har god kvalitet i grunntenestene, som førebygger rusbruk og sikrar at barn og unge som treng hjelp, vert fanga opp og får hjelp til rett tid, på rett stad.
Ansvar: kommunalsjef oppvekst
2. Ungdata vert gjennomført kvart tredje år for at kommunen over tid skal ha kunnskap om levekåra for ungdom. Tala frå Ungdata skal brukast aktivt inn i tenesteutviklinga.
Ansvar: SLT-koordinator
3. Samordna og koordinera kommunen sitt arbeid retta mot førebygging av barne- og ungdomskriminalitet på tvers av tenester og tenesteområde, mellom anna i Operativ SLT-gruppe som er tverrfagleg og tverretatleg samansett av kommune, politi og spesialisthelseteneste.
Ansvar: SLT-koordinator
4. Vidareutvikla fritidsklubbane og rusfrie arenaer i tråd med barn og unge sine behov.
Ansvar: barne- og familiesjef
5. Ungdomsskulane har sertifiserte [Kjentmenn](#), og både barne- og ungdomsskulane legg til rette for gjennomføring av [Sterk og Klar](#).
Ansvar: rektorar
6. Barnehagane, helsestasjons- og skulehelsetenesta og skulane har systematisk samarbeid med støttetjenester med mål om at tverrfagleg samskaping skal føra til nye eller forbetra førebyggjande tiltak, mellom anna i *Laget rundt læraren og eleven* og *Laget rundt læraren og barnet*.
Ansvar: alle leiarar i oppvekst
7. Natteramnsordninga er operativ. Det er oppretta natteramnsordning både i Bryne sentrum, på Kvernaland. Det er Blå Kors som drifrar ordninga med økonomisk tilskot frå Time kommune.
Ansvar: SLT-koordinator
8. Ungdomsteamet oppsøker ungdom på arenaer der ungdom ferdast, som kjøpesenter, sentrum, skular og fritidstilbod, med spesielt fokus på å førebygga psykisk uhelse, kriminalitet og rusbruk.
Ansvar: SLT-koordinator
9. Det driftast Oppvekstteam knytt til ungdomsskulane på Bryne, Lye/Undheim og Frøyland. I oppvekstteama samlast private, offentlege og frivillige aktører i eit konkret område med mål om at barn og unge i Time kommune ska ha trygge oppvekstmiljø. Teama identifiserer problemområde og set i verk tiltak om naudsynt.
Ansvar: SLT-koordinator

Rusførebyggjande tiltak for vaksne

Mange eldre opplever store omveltingar i alderdommen: tap av arbeid, familie og venner. Det kan gje ei oppleving av einsemd og isolasjon, som kan vera ein risikofaktor for auka bruk av alkohol. Kommunen har ei rolle som tilretteleggjar for at lag, organisasjonar og enkeltindivid

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026-28

kan driva sosialt arbeid og aktivitet i kommunen. Deltaking, aktivitet og fellesskap kan førebygga einsemd og isolasjon.

Bruk av legemiddel aukar med alder, og alkohol kombinert med legemiddel utgjer ein større risiko for skadar og sjukdom blant eldre. Forsking viser at det er mangel på kunnskap blant eldre om bruk av alkohol og legemiddel (Fredwall & Antonsen 2023). Fastlegar og anna helsepersonell i kommunale tenester skal informera risikoutsette innbyggjarar om utfordringar knytte til bruk av legemiddel og alkohol.

Time kommune er ein stor arbeidsgjevar. Arbeidslivet er ein sentral arena for påverking av haldningar knytte til alkohol og andre rusmiddel. Kommunen som arbeidsgjevar skal ha ei bevisst haldning til bruk av alkohol på sosiale arrangement i regi av kommunen.

Tiltak i Time kommune

1. Eldre, helse og alkohol skal vera eit tema i det årlege seminaret kommunen arrangerer for pensjonistar.
Ansvar: kommunalsjef helse og velferd
2. Time kommune har politisk vedtak om å vera [Av og til-kommune](#). Organisasjonen *Av og til* kan nyttast i arbeidet med informasjon og kunnskapsdeling til innbyggjarar og tilsette.
Ansvar: organisasjonssjef og kommunalsjefar
3. Tilsette som yter helsetenester til eldre, skal ha kunnskap om risikofaktorar og kva konsekvensar uheldig rusbruk kan ha for helse og livskvalitet. Dette vil bli innarbeidd i kompetanseplan for helse og velferd.
Ansvar: kommunalsjef helse og velferd
4. Time frivilligsenter kafé og aktivitet har ope måndag til fredag. Innbyggjarar kan delta som frivillige i ulike aktivitetar eller sjølv vera deltakar i felles måltid, ulike arrangement og sosial aktivitetar.
Ansvar: kommunalsjef helse og velferd

FOKUSOMRÅDE 2:

TIDLEG IDENTIFISERING OG INNSATS OVERFOR BARN OG UNGE I RISIKO

Tidleg intervensjon og tidleg innsats handlar om å støtta så tidleg som mogleg, både i forhold til alder og i forhold til problemutvikling. Målet er å identifisera og handtera eit problem på eit så tidleg tidspunkt at problemet forsvinn eller vert redusert med avgrensa innsats.

Føresetnadene for å lukkast med tidleg innsats er at tenestene har tilstrekkeleg kompetanse om kva ein skal sjå etter og strategiar for å handla på bekymring. Arbeidet føreset tverrfagleg og tverretatleg samarbeid og at tenestene er kjende og tilgjengelege.

Ufødde barn som vert eller står i fare for å verta eksponerte for rusmiddel

Rusmiddelbruk under graviditet kan føra til svangerskapskomplikasjonar og alvorlege abstinenssymptom, misdanningar og psykomotoriske forstyrringar hjå det nyfødde barnet. Gravide som bruker rusmiddel, treng tettare oppfølging både i svangerskapet og etter fødselen.

Alt helsepersonell skal av eige tiltak gi opplysningar til helse- og omsorgstenesta når dei har mistanke om at ei gravid kvinne bruker rusmiddel på ein måte som gjer det overvegande sannsynleg at barnet vert født med skade, jf. helsepersonelloven § 32. I Time kommune skal dette meldast til meistringssenteret.

Tiltak i Time kommune

1. Kommunen har utvikla retningslinjer for å identifisera, handla og samhandla når gravide bruker rusmiddel. Retningslinjene forpliktar fastlegane, meistringssenteret, helsestasjon og barnevernstenesta, og dei skal sikra tidleg innsats med avklarte ansvarsforhold.
Ansvar: verksemdsleiar psykisk helse og rusarbeid og barne- og familiesjef
2. Helsestasjonstenesta nyttar kartleggingsverktøyet TWEAK, som er ei eigenrapportering knytt til bruk av alkohol, som fast del av svangerskapsoppfølginga.
Ansvar: leiar for helsestasjons- og skulehelsetenesta

Barn og unge som lever i familiar med rusproblematikk

Folkehelseinstituttet anslår at det er 90000 barn og unge under 18 år i Norge som er pårørende til ein forelder som bruker rusmiddel på ein måte som belastar dagleg fungering. Det tilsvarer 2-3 elevar i kvar skuleklasse. Desse barna er i ei risikogruppe for omsorgssvikt og for å utvikla eigne problem. Gjennom å identifisera barn som lever i familiar med rusmisbruk og setta inn nødvendig hjelp, er målet å førebygga eiga problemutvikling hjå barna.

Tiltak i Time kommune

1. Alle tilsette bruker BTI-modellen («betre tverrfagleg innsats») når dei er bekymra for eit barn. BTI rettleier dei tilsette i korleis dei må handla og kven dei må kontakta når

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026-28

dei kjenner uro for eit barn, og på den måten sikrar me at desse barna får rett hjelp til rett tid frå rett instans.

Ansvar: kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef helse og velferd og kommunalsjef samfunn

Ungdom og unge vaksne som er i fare for eller i ferd med å utvikla rusrelaterte vanskar

Trass i tidleg innsats vil det alltid vera ungdom og unge vaksne i Time kommune som står i fare for eller er i ferd med å utvikla rusrelaterte vanskar. Desse kan ofte ha behov for tenester frå ulike instansar og nivå. Eksempelvis er det ein klar samanheng mellom psykisk uhelse og rusmiddelmissbruk, og då er det nødvendig å bygga tenestetilbodet slik at hjelpa er lett tilgjengeleg for innbyggjarane.

Kommunen har ulike lågterskeltenester som skulehelsetenesta, familiesenter og ungdomsteam som kan aktiverast når det oppstår uro for ungdom og unge vaksne si psykiske helse og/eller rusmiddelbruk. I tillegg har kommunen meistringssenteret som yter helsehjelp til dei som har rett på tenester knytt til problematikken. Dei ulike tenestene er plikta til å samarbeida med andre forvaltningsnivå og sektorar for å yta forsvarleg hjelp.

Å førebygga rusmiddelbruk blant ungdom er ei prioritert oppgåve i Sør-Vest politidistrikt. Politiet samarbeider tett med dei fleste tenestene i kommunen og med tenester som fylgjer ungdom det er knytt uro til. Politiet har egne lokale retningslinjer for korleis dei skal jobba med å førebygga bruk av ulovlege rusmiddel. Kommunen har oppretta rådgjevande eining for russaker, som tek imot personar som får oppmøteplikt som vilkår for ein bestemt strafferettsleg reaksjon.

Tiltak i Time kommune

1. Kommunen samarbeider med politiet om oppfylging av ungdom med påtaleunnlating med vilkår.
Ansvar: SLT-koordinator
2. Fylgja opp [opptrappingsplan for psykisk helse og førebyggings- og behandlingsreforma for rusfeltet](#)
Ansvar: kommunalsjef helse og velferd og kommunalsjef oppvekst